



**FYLKESMANNEN I ROGALAND
UTDANNINGSAVDELINGA**

TILSYN MED BJERKREIM KOMMUNE

TIDSPUNKT: 8. mars 2006 **VÅR REF:** 2006/1057

**KOMMUNEN SI
ADRESSE:** Bjerkreim kommune, Postboks 17, 4389 Vikeså

KOMMUNENR: 1114

TILSYNSGRUPPE: Audun Gjerde, Marta Vignes Steine og Jorunn H. Barka

**KONTAKTPERSON
I KOMMUNEN:** Skolefagleg ansvarleg Magnor Oma

Heimel for tilsynet:

Opplæringslova § 14-1, 2. og 3. ledd, jf. delegasjonsrundskriv F-16/04 frå Utdannings- og forskingsdepartementet og delegasjonsbrev datert 02.03.05 frå Utdanningsdirektoratet.

Tema for tilsynet:

Kommunen si plikt til å ha eit forsvarleg system for vurdering og oppfølging av at krava i opplæringslova vert oppfylte, jf. opplæringslova §13-10, Ansvarsomfang, 2. ledd, nærare synleggjort gjennom krava i forskrift til opplæringslova § 2-1 Skole og lærebedriftsbasert vurdering og § 2-2 Rapportering frå kommunen og fylkeskommunen.

Samandrag av resultat:

Avvik 1:

Bjerkreim kommune har ikkje etablert eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslov og forskrifter vert oppfylte og for å følgje opp resultata frå slike vurderingar og frå nasjonale kvalitetsvurderingar. Kommunen har heller ikkje etablert rutinar for å sjå til at skolebasert vurdering vert gjennomført etter føresetnadene.

Merknad 1:

Bjerkreim kommune sitt delegasjonsreglement på skoleområdet er mangelfullt og uklårt.

Godkjent:

Audun Gjerde
tilsynsleiar

Marta Vignes Steine
rådgivar

Jorunn H. Barka
rådgivar

Innhald

1. Innleiing
2. Dokumentunderlag
3. Avvik
4. Merknader
5. Gjennomføring
6. Tidsfrist

Vedlegg:

- Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn
Vedlegg 2: Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

1. Innleiing

Tilsynet i Bjerkreim kommune er ein del av eit felles nasjonalt tilsyn der Fylkesmannen etter oppdrag frå Utdanningsdirektoratet, fører tilsyn med same tema i tre kommunar i kvart fylke.

Føremålet med tilsynet var å vurdere om Bjerkreim kommune har eit forsvarleg vurderings- og oppfølgingssystem, jf. opplæringslova §13-10, 2.ledd, og §§ 2-1 og 2-2 i forskrift til opplæringslova.

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av om rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde opp i praksis. Tilsynet fokuserer på kommunen si oppfylling av krav på områda nemnde ovanfor, og rapporten viser avvik og merknader som vart avdekte under tilsynet.

- **AVVIK** vert definert som brot på gjeldande lover og forskrifter
- **MERKNAD** gjeld tilhøve som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er nødvendig å påpeike slik at kommunen kan betre forholda.

Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av kommunen si skoleverksemd.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for tilsynet var:

- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- Forskrift til opplæringslova
- Korrespondanse mellom kommunen og Fylkesmannen
- Dokumentasjon frå kommunen (vedlegg 1)

3. Avvik

Avvik 1:

Bjerkreim kommune har ikkje etablert eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslov og forskrifter vert oppfylte og for å følgje opp resultatane frå slike vurderingar og frå nasjonale kvalitetsvurderingar. Kommunen har heller ikkje etablert rutinar for å sjå til at skolebasert vurdering vert gjennomført etter føresetnadene.

Avvik frå:

Opplæringslova § 13-10, 2. ledd, og forskrift til opplæringslova, § 2-1.

Lovkommentar:

§ 13-10, 2. ledd, i opplæringslova slår fast at skoleeigar både skal ha eit forsvarleg system for å vurdere om krava i lovverket og forskriftene vert oppfylte, og eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane og frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-1, 4. ledd. Skoleeigar står fritt i å utforme sitt eige system, tilpassa lokale forhold. Det er ikkje lagt føringar for korleis systemet skal vere, utover det at systemet for vurdering og resultatoppfølging skal vere forsvarleg. Eit forsvarleg system er eit system som er eigna til å avdekkje eventuelle tilhøve som er i strid med lov og/eller forskrift, og som sikrar at det vert sett i verk adekvate tiltak der det er nødvendig. Eit forsvarleg system føreset jamleg resultatoppfølging og vurdering av om lovverket vert følgt. Systemet må vere forutseieleg og vise kontinuitet. Systemet må utformast på ein slik måte at elementa i systemet vert knytte opp mot krava i lov og forskrift.

§ 2-1 i forskrift til opplæringslova seier at skolen jamleg skal vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i den generelle delen av læreplanen og dei enkelte læreplanane for fag. Kommunen har ansvar for å sjå til at vurderingane vert gjennomført etter føresetnadene. Det må vere kjende og klare krav til oppfølging av dei vurderingane som vert gjorde. Involverte partar skal ta del i arbeidet med analyse og konklusjonar. Desse konklusjonane må skriftleggjerast og kommuniserast som grunnlag for avgjerder om oppfølgings- og utviklingstiltak.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Tilsende dokument inneheld oversyn over tiltak knytte til kvalitetsutvikling og skolebasert vurdering. Dei er ikkje utforma på ein slik måte at elementa vert knytte opp mot krava i lov og forskrift. Dei synleggjer heller ikkje korleis kommunen vil følgje opp vurderingane som vert gjorde. Kommunen har ikkje drøfta og lagt til rette for felles forståing av innhaldet i § 13-10, 2. ledd. Det er ikkje etablert rutinar i kommunen for innhenting, evaluering og oppfølging av data kring skolebasert vurdering. Konklusjonane er ikkje skriftleggjorde.

Tilsende dokument og gjennomførte intervju stadfestar dette.

4. Merknader

Merknad 1:

Bjerkreim kommune sitt delegasjonsreglement på skoleområdet er mangelfullt og uklart.

Kommentar til merknaden:

Delegasjonsreglementet er ikkje oppdatert etter gjeldande lovverk. Det opererer dermed med feil lovtilvisingar. Den interne vidaredelegeringa frå rådmann til kommunalsjef og til rektor er mangelfull og uklår. Tilsende dokument og gjennomførte intervju stadfestar dette.

5. Gjennomføring

Tilsynet er gjennomført på følgjande måte:

Varsel vart sendt ut:	26.01.06
Formøte vart halde:	21.02.06
Intervjua vart gjennomførte:	08.03.06
Sluttmøte vart halde:	17.03.05

I vedlegg 2 er det gitt eit oversyn over deltakarane på tilsynet.

6. Oppfølging og tidsfrist

Fylkesmannen ber om at Bjerkreim kommune snarast, og seinast innan 30. mai 2006, gjer greie for korleis det som er påpeikt i rapporten, vil verte følgt opp.

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

Materiale tilsendt frå Bjerkreim kommune på førehand av, og under tilsynet:

1. Årsmelding 2004 for Bjerkreim kommune
2. Handlingsplan for levekår 2006 – 2009 Bjerkreim kommune
3. Reglement for kommunestyret
4. Organisasjonskart for kommunen
5. Oversiktskart over kommunestyret
6. Kunnskapsløftet – Strategisk plan for kompetanseutvikling 2005-2008 Bjerkreim, Eigersund og Lund
7. Bjerkreim-modellen – Tiltak for oppfølging av den einskilde elev ved Bjerkreim skule
8. Verksemdplan for Bjerkreim skule 2005/2006
9. Bjerkreim skule – Info skuleåret 2005/2006
10. Verksemdplan for Vikeså skule 2005-2006
11. Mobbeundersøking ved Vikeså skule våren 2005
12. Månadsmelding og heim-skule samarbeid – skulebasert vurdering våren 04 (Vikeså skule)
13. Informasjonsflyten heim-skule – skulebasert vurdering våren 06 (Vikeså skule)
14. Visjon for Vikeså skule
15. Oversikt over rutinar og prosedyrar ved Vikeså skule pr 1.3.05
16. Vikeså skule – Informasjon elevar og foreldre 2005-2006

Vedlegg 2: Oversyn over personane frå kommunen som var direkte involverte i tilsynet

Navn	Funksjon	Føremøte	Intervju	Sluttmøte
Olav Friestad	Rådmann		X	X
Alf Kjølborg	Kommunalsjef Levekår	X	X	X
Magnor Oma	Skulefagleg ansvarleg	X	X	X
Dag Vogt	Rektor Bjerkreim skule	X	X	X
Kim Jensen	Lærer Bjerkreim skule	X	X	X
Olav Christoffer Songe	Rektor Vikeså skule	X	X	X
Gøril Vølstad	Lærer Vikeså skule	X	X	X

Frå Fylkesmannen deltok seniorrådgivar Audun Gjerde, rådgivar Marta Vignes Steine og rådgivar Jorunn H. Barka med førstnemnde som tilsynsleiar.